

- Eventyropplevelse

05.08.2012



Evelyn Glennie og Ole Edvard Antonsen framfor Norsk Blåseorkester

Norsk Blåseorkester (NBO) og Ole Edvard Antonsen heva seg ytterligare på konserten i Hamardomen fredag kveld.

Ein smekkfull Hamardom fekk oppleva verdensstjerna Evelyn Glennie i samspel med NBO, og skapa eit magisk musikkeventyr for alle som var til stades.

Hamar arbeiderblad skriv - Hamardomen ble fylt av magi med majestetisk musikk, takket være to verdensstjerner: Ole Edvard Antonsen og Dame Evelyn Glennie..


Uskedalen sin eigen trumpetist, Vegard Døssland spelar fast i NBO, og fekk her vera med på sitt livs største musikalske eventyr.



Fremste del av køen 1 time og 10 minutt før konsertstart

Fleire dagar før konserten var alle billettane utselt, og NMF måtte selje ståplass billetter for å stetta den store etterspørselen.

Ein time før konserten var det allereie lang kø utanfor, truleg fleire hundre.



Vegard på vei inn til ei stor oppleving

Vegard hadde slekt frå både aust og vest på plass, som alle fekk vera med på ei musikalsk oppleving utanom det vanlige.

Musikarane har vore samla i 9 dagar, og hadde onsdag konsert i ein fullsett Nidarosdom.

Det var difor knytta store forventningar til konserten i Hamar fredag kveld. Og NBO med sin dirigent Ole Edvard Antonsen leverte det eine magiske øyeblikket etter det andre. Ingen var i tvil om at dei her fekk oppleva ei verdensstjerne då perkusjonisten Evelyn Glennie fylde domen med mektig musikk. Ja, energien var til og ta og føla på.

Eg siterer korleis musikksjefen i NMF har skrive at han opplevde konserten:

- Det ble virkelig en spektakulær konsert i Hamardomen med NBO, for en akustikk, og for ett band, en av tidenes største konsertopplevelser for min del!! Samspillet med Evelyn Glennie gnistret,elegant veiledet av en fantastisk Ole Edvard Antonsen!



Var tydeleg for alle at Evelyn Glennie er ei verdensstjerne!

Hamar Arbeiderblad brukte Eventyroppelevelse som overskrift då dei skriv om konserten. Dei som ønskjer å lese heile artikkelen til avisas kan gå inn på denne linken:

<http://h-a.no/Kultur/Kultur/tabid/359/articleView/true/moduleid/172176/Default.aspx>

Det er ingen tvil om at vi her fekk møta både etablerte og kommande stjerner, og dei som meiner norsk musikkliv er i motbakke fekk her oppleva ein konsert som viser at norsk musikk liv er både stort og spennande.

Frode Olav Sæbø(Tekst og foto)